

Erfaringar med ny jordskiftelov sett frå lagmannsretten sin ståstad

Vidar Bergtun og Magne Reiten

Vidar Bergtun and Magne Reiten: Experiences with the new Land Consolidation Act from the viewpoint of the courts of appeals

KART OG PLAN, Vol. 77, pp. 271–277, POB 5003, NO-1432 Ås, ISSN 0047-3278

According to the new Land Consolidation Act implemented January 1 2016, rulings issued by the land consolidation courts can be appealed to the ordinary courts of appeal. This change has been practiced for over a year. Both authors are working as land consolidation court of appeal judges. In this article, we summarize our experience with the new provisions. We address why changes were needed, what the expectations were, and how the new provisions work in real cases. Our experience with the new appeals process is generally good, both for the parties in the cases and for the employees of the courts of appeal. In conclusion, we discuss possible changes for further improvement.

Key words: appeal process, Land Consolidation Act, land consolidation court, court of appeal

Vidar Bergtun, land consolidation court of appeal judge, Gulating lagmannsrett, POB 7414, NO-5020 Bergen. E-mail: vidar.bergtun@domstol.no

Magne Reiten, land consolidation court of appeal judge, Frostating lagmannsrett, POB 2315 Torgarden, NO-7004 Trondheim. E-mail: magne.reiten@domstol.no

Innleiing

Den nye jordskiftelova av 21. juni 2013 tok til å gjelde frå 1. januar 2016. Samtidig vart jordskifteoverrettane lagt ned og både oppgåver, personell og andre ressursar overført til lagmannsrettane.

Under heile lovarbeidet vart det arbeid med å få på plass ei ny rettsmiddelordning for alle saker etter jordskiftelova. Det vart tidleg i prosessen erkjent at det eksisterande systemet var komplisert, og i Prop. 101L (2012-13) kapittel 1.1 blir dette omtala slik:

«Det er stort behov for ei enklare rettsmiddelordning. Etter gjeldande lov kan avgjerdene i jordskifteretten ankast til to overordna rettar (jordskifteoverretten og lagmannsretten), avhengig av kva tema anken gjeld. Ordninga er komplisert. I nokre sakstyper inneber ho og risiko for at nokon lir rettstap. Departementet foreslår mellom anna på grunnlag av dette å slå jordskifteoverretten saman med lagmannsretten. Lagmannsretten skal styrkjast med jordskiftefagleg kompetanse (jordskiftelagdommar).»

Det nærmar seg to år sidan nyvinninga såg dagens lys, og det kan derfor være interessant med ein situasjonsrapport. Begge artikkelforfattarane har arbeidd i lagmannsrettane som jordskiftelagdommarar sidan 1. januar 2016. Vår erfaring er frå Frostating og Gulating, og vi kjenner difor tilhøva best i desse to døma. Den største skilnaden på samanslåinga i desse to døma har vore flytteavstanden. Jordskifteoverretten i Gulating flytta om lag 500 meter nedover Kaigaten i Bergen, medan jordskifteoverretten i Frostating flytta frå Molde til Trondheim.

Kva forventningar hadde ankedomstolen til ny jordskiftelov

I lovforarbeida, Prop. 101L (2012-13) er det gjort greie for forventningane lovgjevar hadde til den nye rettsmiddelordninga:

1. Ei enklare rettsmiddelordning for brukarane av jordskifterettane. At ordninga vert enklare skal auke tilliten til overprøvinga, og hindre at nokre spørsmål ikkje vert prøvd fordi anken vert retta til feil instans.

2. Tiltaksjordskifta skal sikrast full overprøving. Fram til lovendringa kunne ikkje jordskiftedelen av tiltaksjordskifta fullt ut prøvast ved anke.
3. Lage meir robuste organisasjonar, enn tilfellet var der kvar enkelt jordskifteoverrett berre hadde ein jordskifteoverdommar, ein utgreiar og ein saksbehandlar.

Lagmannsrettane hadde også etter den gamle ordninga anke over dom og orskurd frå jordskifterettane. Talet på saker som vart anka til lagmannsrettane var klart større enn talet på anker som vart behandla av jordskifteoverrettane. Etter den nye ordninga vart all ankebehandlinga samla i lagmannsretten.

Ved at lagmannsretten fekk tilsett dommarar med same faglege bakgrunn som jordskiftedommarane, ville dette kunne styrke behandlinga av dei sakene lagmannsretten alltid har behandla frå jordskifterettane. Ved at juridiske lagdommarar og kunne delta i behandlinga av enkelte av dei ankesakene som før vart behandla av jordskifteoverrettane, låg det ei forventning om at kvaliteten kunne betrast gjennom den nye ordninga. Ved at jordskifteoverrettane vart inkorporert i eit system som arbeider med ankeprøving, og på den måten får ta del i eit system som sikrar effektiv avvikling og kvalitet i overprøvinga, skapte og forventningar. Jordskifteoverrettane uttalte derfor i sin høyringsuttale at dei såg på den nye ordninga som ei kvalitetsreform.

Det var vel og ei spent forventning frå begge sider om korleis samarbeidet ville gå mellom jordskifte kandidatlar og juridiske dommarar, og ikkje minst korleis lagmannsrettane som berre hadde juridiske dommarar ville oppleve overgangen til også å få inn dommarar med jordskiftekompetanse. Det vart fokusert ein del på kulturforskjellar, og korleis dette kunne påverke samanslåinga og det endelege resultatet.

Dei største endringane for ankedomstolen

Om ein ser på ny ankeordning under eitt, så er det klart at den største endringa er overgangen frå to til ein ankedomstol for sakene

frå jordskifterettane. Samanslåinga av dei to ankedomstolane har ført til at innarbeidde omgrep som jordskifteoverretten, jordskifteoverdommar og overjordskifte vert historiske omgrep.

Systemet for å anke avgjerder tekne av jordskifterettane har opp gjennom tida gjennomgått store endringar. Ankereglane i dei eldre jordskiftelovene var slik at det som hovudregel var den same jordskiftedomaren som hadde saka i 1. instans, som og behandla ankesaka. Partane kunne krevje å få ein ny dommar men dette var ikkje så vanleg. Om jordskiftedomaren hadde leia saka i 1. instans, vart retten i tillegg sett med 5 jordskiftemeddommarar. Jordskiftedomaren hadde i slike tilfelle ikkje stemmerett i dei skjønsmessige spørsmåla. Dette kan verke som ei underleg ordning sett med dagens augo, men dette var ei akseptert ordning heilt fram til 1950. Då vart det tilsett eigne jordskifteoverdommarar som berre arbeidde med ankesaker og landet vart delt inn i 9 jordskiftedøme. I 1992 vart det bestemt at jordskiftedøma skulle inndelast likt med lagdøma. Det vart gjort unnatak for Borgarting som vart delt mellom Eidsivating og Agder.

Populært sagt kan me såleis sei at jordskifteoverrettane pensjonerte seg etter 66 års aktiv teneste. Mange var spente på korleis ei samanslåing av to ankedomstolar skulle gå. Ville det bli to domstolar i same bygg og var kulturskilnadene for store til at ein kunne få til ei fullverdig integrering?

Ei av utfordringane med denne samanslåinga har vore den ulike storleiken på dei to domstolane. I Gulating var det om lag 60 tilsette i lagmannsretten som skulle slåast saman med 3 tilsette frå jordskifteoverretten, medan i Frostating var det om lag 40 tilsette i lagmannsretten som skulle slåast saman med 2 tilsette frå jordskifteoverretten. I slike tilfelle er det lett å tenkje at det er «kjøtvekta» som tel og at jordskiftemiljøet i mindre grad greier å påverke den integrering som skal skje.

Det som er suksessfaktorane i ei vellukka samanslåing er at den er godt førebudd og at begge partar har eit ynskje om at dette skal lukkast. I forfatarane sine lagdøme har vi det inntrykket at begge deler har vore til stades. Me vil under gje ei kort oppsummering

på dei ulike stillingskategoriane sine oppgåver etter samanslåinga.

Saksbehandlaren frå jordskifteoverretten i Gulating er integrert i lagmannsretten sitt saksbehandlarkorps. Ein opplever at arbeidsoppgåvene vert meir variert samstundes som saksbehandlinga med anke over jordskifteavgjerd er mykje lik slik det var. Saksbehandlaren frå jordskifteoverretten i Frostating vart, på grunn av behovet for å flytte til Trondheim, ikkje med på samanslåinga med lagmannsretten.

Utgreiarane har same utdanning som jordskiftelagdommaren og deltek i førebuing og gjennomføring av ankesaker frå jordskifterettane. Jordskifteutgreiaren hadde ei sentral stilling i jordskifteoverrettane. Med berre ein dommar vart utgreiaren den som både utgreidde sakene, hjelpte til med saksbehandlinga og hadde ansvaret for det tekniske arbeidet i sakene.

Denne rolla har utgreiaren tatt med seg inn i lagmannsretten.

Det tekniske arbeidet vert no i stor grad utført av jordskifterettane. Lagmannsretten har ikkje fullverdig landmålingsutstyr, noko som medfører at ein i somme saker må søkje hjelp til slikt arbeid i jordskifterettane. Jordskiftelova § 8-11 regulerer dette. Jordskifteutgreiaren får uansett eit særleg ansvar for å sørge for at vekslinga mellom instansane går godt, slik at partane får resultatet frå behandlinga i lagmannsretten merka i terrenget og avlagt på kart.

Jordskiftelagdommaren har gått inn som ein av dommarane i lagmannsretten. Hovudoppgåva vil framleis vera å behandla anke over jordskifteavgjerder som kjem frå jordskifterettane. Samanslåinga og lovendinga har også ført til at jordskiftelagdommaren kan delta i behandling av anke over dom og orskurd som gjeld bruks- eller eigedomsrett til fast eigedom, jf. domstollova § 12 andre ledd og behandling av overskjønn over rettslege skjønn, jf. skjønnsprosesslova § 34 andre ledd. Vi går ikkje nærare inn på dette her, men viser i denne samanheng til artikkelen til Vibeke Marie Svendsen i denne utgåva av Kart og Plan.

Etter vårt syn har integreringa av jordskifteoverretten og lagmannsretten gått svært bra. Dette skuldast, etter vårt syn, at lovjevne har arbeidd fram ei god lovending,

samt at dei involverte partar førebudde samanslåinga av domstolane på ein god måte. Redsla for at kulturskilnader skulle gjere integreringa vanskeleg, viste seg å vera utan grunn. Lagmannsretten har fått tilført kompetanse innan tingsrett og dei tilsette frå jordskifteoverrettane får gleder av eit større fagmiljø med mange nye impulsar.

Jordskifteoverrettane var tidlegare lokalisert saman med ein jordskifterett. Dette gav ankeinstansen god kontakt med jordskiftemiljøet. Ei av utfordringane med den nye organiseringa er å halde oppe kontakten mellom jordskiftemiljøet i lagmannsretten og i jordskiftedomstolane. Jordskiftedomstolane har i den siste tida hatt gode og vel fungerande kompetansetiltak. Ved å delta på utvalde deler av dette, vil ein kunne halde kontakten med og følgje med i utviklinga i jordskiftedomstolane. Jordskiftelagdommarane vil også som tidlegare, kunne stille som førelesarar på utdanningsinstitusjonar og seminar.

Ei positiv følgje av samanslåinga er også at jordskifteutgreiar og jordskiftelagdommar no har meir tid til saksarbeid. Sjølv om den enkelte jordskifteoverrett berre hadde tre tilsette, var kvar eining ein sjølvstendig domstol som skulle driftast på forsvarleg måte. Jordskifteoverrettsleiar, saksbehandlar og utgreiar brukte derfor totalt sett ein del tid på oppgåver som økonomi, rekneskap, innkjøp, personalleiing, rapportering og andre oppgåver innan domstolsdrift. Desse oppgåvene er dels felle vekk, og dels tatt over av lagmannsrettane utan at det skaper mykje ekstraarbeid.

Den andre store endringa me vil trekkje fram, er overgangen til at «sporvekslinga» for ankane frå jordskifterettane skjer i lagmannsretten. Tidlegare var det partane som måtte ta stilling til om dei skulle anke til jordskifteoverretten eller til lagmannsretten. No skal alle ankar over jordskifteretten sine avgjerder til lagmannsretten. Det er likevel framleis slik at saksgangen, saksbehandlingsreglane og retten sin samansetnad i lagmannsretten er ulik alt etter kva avgjerd frå jordskifteretten som er anka. Det er ikkje avgjerande kva jordskifteretten har kalla avgjerda, men kva som hadde vore rett avgjerdsform i det gitte tilhøvet, jf. jordskifteloven § 6-23 femte ledd.

Når ein anke frå jordskifteretten kjem inn til lagmannsretten, er det viktig å tidleg ta stilling til om det er ein anke over dom, anke over orskurd eller anke over jordskifteavgjerd. Å ha gode rutinar som sikrar at dette vert rett, er viktig for den vidare behandlinga av saka. Jordskifteretten si registrering av anken i saksbehandlingsprogrammet Lovisa, kan også vera til god hjelp i denne samanheng.

Ei tredje endring er at anke over fleire avgjerder etter § 6-23, kan behandlast som ei sak. Dette er regulert i jordskiftelova § 8-1 sjette ledd. Denne regelen er alt nytta fleire gonger og både partar og vi som arbeider med desse sakene, ser kor viktig denne del av lovendringa var. Både gjennomføringa av saka og partane si oppleving med ankeinstansen vert betre ivareteken om ein nyttar denne moglegheita i dei sakene som eignar seg for slik sams behandling. Fordelane er at partane kan møte lagmannsretten i eit rettsmøte og forhandle både om domen og jordskifteavgjerda frå jordskifteretten. Dette sparar både partane og samfunnet for tid og pengar.

Eit døme som illustrerer dette er ei anke til Frostating lagmannsrett som gjaldt dom og to jordskifteavgjerder, som regulerte bruken av Nedre Ordførervegen i Oppdal kommune, jf. LF-2016-45540. Det vart vedtatt felles behandling av alle tre avgjerdene i ei sak for lagmannsretten. Det vart vidare vedtatt at retten skulle settast med jordskiftelagdommar og to lagdommarar.

Ankeforhandling vart halde på Oppdal, og det var tilstrekkeleg med ein dag inklusiv synfaring. Lagmannsretten avsa først ny dom, som fastsette kven som hadde vegrett, utan å ta stilling til anken over jordskifteavgjerda. Først etter at dommen var rettskraftig avgjorde lagmannsretten dei to jordskifteavgjerdene som var anka, utan at det var nødvendig med nye munnlege forhandlingar. Den eine jordskifteavgjerda førte til slike endringar i resultatet at partane hadde krav på å få uttale seg før lagmannsretten tok endeleg avgjerd, jf. jordskifteloven § 6-21. I denne saka var det tilstrekkeleg med skriftleg uttale før lagmannsretten avgjorde spørsmålet.

Prosessøkonomisk er det gode grunnar for ei slik handsaming. Viktigare er det likevel at resultatet av saka får ein god heilskap, og at sluttresultatet derfor samla sett vert betre

enn om dom skal avgjerast for seg og jordskifteavgjerd for seg.

Ei fjerde endring, er høvet til å nekte anke over jordskifteavgjerd fremja, jf. § 8-8 tredje ledd. Dette er ein regel som til no berre er nytta ein gong i våre lagdøme, og terskelen for å nytte den bør vere høg. Slik sett kjem truleg ikkje denne regelen til å bli mykje nytta, men den kan likevel vera ein god måte å avslutte ei sak som klart ikkje vil føre fram. Tidlegare måtte ein i slike saker gjennomføre rettsmøte med partane og meddommarar med dei kostnadane dette medførte.

Statistikk

Det som etter ny lov er anke over jordskifteavgjerd tilsvarar det som tidlegare skulle ankast til jordskifteoverretten. Vi har berre resultatet frå 2016 som kan samanliknast med historiske tal.

Jordskifteoverrettane fekk i gjennomsnitt 54 nye ankesaker pr. år i den siste femårsperioden 2011-2015. I 2016 kom det inn 38 nye anker over jordskifteavgjerder til lagmannsrettane. Til samanlikning kom det inn til alle lagmannsrettane til saman 75 anker over dom (ASD), 35 anker over orskurd (ASK) og 4 overskjønn frå jordskifterettane.

Basert på resultatet frå 2016, er talet på anker over jordskifteavgjerder noko redusert i det første året med ny ankeordning i høve den siste femårsperioden i jordskifteoverrettane. På den andre sida må det nemnast at tala her er små. Også for jordskifteoverrettane var det store variasjonar, og i 2006 kom det til dømes inn berre 27 saker og i 2009 kom det inn 39 saker. Om tala frå 2016 derfor er eit uttrykk for ein trend som vil vare, eller eit tilfeldig utslag vil først vise seg etter fleire års drift.

Bruk av jordskiftelagdomar og jordskifteutgreiar som rettsmeklar

Dei fleste lagmannsrettane organiserer rettsmeklinga slik at utvalde dommarar, gjerne med særleg interesse for mekling har denne oppgåva.

Med den nye organiseringa er det ingen ting i vegen for at jordskiftelagdommaren kan rettsmekle. Det er berre ein jordskifte-

lagdommar ved kvar lagmannsrett, og den dommaren som rettsmeklar kan som hovudregel ikkje delta i den vidare behandling dersom meklinga ikkje fører fram. Dersom jordskiftelagdommaren rettsmeklar og ikkje får løyst saka, kan vedkommande ikkje delta ved den vidare behandling. Rettsmekling er derfor særleg aktuelt ved anke over dom, der det ikkje er krav om at jordskiftelagdommaren må delta ved behandlinga for at retten skal være lovleg samansett.

Det er likevel få døme på at jordskiftelagdommaren har vore rettsmeklar. I Frostating vart to tvistar rettsmekla av jordskiftelagdommaren, og saken vart løyst i rettsmeklinga. Jordskifteutgreiaren deltok i denne meklinga som hjelpar.

Etter jordskiftelova er det berre tvistar som kan rettsmeklast. Spørsmål som skal løysast ved jordskifteavgjerd vert derfor ikkje rettsmekla i jordskifteretten. Det har vore diskutert om den same avgrensinga skal gjelde for lagmannsretten.

I eit konkret høve vart eit spørsmål som skulle avgjerast ved jordskifteavgjerd rettsmekla i lagmannsretten. Det vart her lagt vekt på partane sine ynskjer og at spørsmålet var egna for rettsmekling. I dette høvet vart saka rettsmekla av ein lagdommar.

Overskjøn

Den nye jordskiftelova har også endra saksbehandlingsreglane for skjønn som vert halde av jordskifteretten. Dersom skjønnet vert halde i samband med anna sak for jordskifterett, for eksempel ei rettsendrande sak, er det reglane i jordskiftelova som styrer saksbehandlinga. Avgjerdsforma vert i slike høve jordskifteavgjerd. Rettsmiddelet følgjer då reglane for anke over jordskifteavgjerd, noko som medfører at jordskiftelagdommaren alltid må delta når slike anker skal avgjerast.

Når jordskifterettane held skjønn som eiga sak, gjeld reglane i skjønnslova fullt ut. Avgjerdsforma i slike tilfelle vert skjønn, og krav om overskjønn vert det vanlege rettsmiddelet mot skjønn. Ved den vidare behandling i lagmannsretten gjeld og reglane i skjønnslova. Overskjønnet skal gjennomførast etter regelen i skjønnslova § 34 andre ledd som lyder slik:

«Overskjønn over rettslig skjønn hører under lagmannsretten, som settes med en av rettens dommere hvis ikke førstelagmannen av særlige grunner finner det nødvendig at tre dommere deltar.»

I Prop. 101L (2012-13) s. 383 konstaterer lovgiver at som «en av rettens dommere» kan jordskiftelagdommeren styre overskjønn både når skjønnet er avsagt av jordskifterett og tingrett. Også her vil det være opp til førstelagmannen korleis ein vil bruke dommarane i lagmannsretten.

Til dømes i Frostating lagmannsrett vert dette praktisert slik at jordskiftelagdommaren som regel får ansvaret for dei overskjønna som har teke til i jordskifteretten. Det er på desse felte at jordskiftelagdommarane har spesialkompetanse fagleg sett. Så langt har ikkje jordskiftelagdommaren i våre lagdøme leia skjønn halde av tingretten.

Høgsterettspraksis

Ved overgang til den nye jordskiftelova vil ein alltid koma bort i ein del spørsmål knytt til saksbehandlinga og rettsbruken som ikkje er direkte avklara i lova. I slike tilfelle må jordskifterettane og lagmannsrettane prøva seg fram etter beste evne. Ein del av sakene går også heilt til Høgsterett, som då gjev oss endeleg svar på dei uavklara spørsmåla.

Etter jordskiftelova frå 1979 var det lagmannsretten som skulle prøve saksbehandlinga og rettsbruken til jordskifteoverretten. Etter gamal lov kunne eit overjordskifte først ankast til lagmannsretten, og eventuelt vidare til Høgsterett som fjerde instans. Ein kunne såleis prøve jordskifteretten si saksbehandling og rettsbruk i tre instansar. I og med jordskifteoverretten no er slått saman med lagmannsretten, vert overprøvinga av saksbehandlinga og rettsbruken til 2. instans gjort av Høgsterett. Såleis kan me gå ut i frå at Høgsterett kjem til å få fleire saker med jordskifteprosess til behandling enn det som var tilfellet før.

Under kjem ein kort gjennomgang av Høgsterettspraksis etter at ny jordskiftelov tok til å gjelde.

HR-2016-2025-U: Denne saka handla om eit realsameige har partsevne i ei sak om å få tilvist støl på sameiget sin grunn. Saka rei-

ste også spørsmål om lagmannsretten sin samansetnad når den tek stilling til partsevne under saksførebuinga. I denne saka hadde jordskiftelagdommaren åleine avgjort at sameige hadde partsevne. Ankeutvalet kom under tilvising til jordskiftelova § 8-8, jf. § 6-4 at avgjerda kunne treffast av jordskiftelagdommaren åleine.

Høgsterett uttalte at spørsmålet om sameiget har partsevne, er eit spørsmål om avvising av saka. Det fell difor utanfor førebuaende dommar sin kompetanse etter tvistelova § 19-2. I eit slikt tilfelle meiner Høgsterett at ein må falla attende på reglane om lagmannsretten sin samansetnad i jordskiftelova § 8-7 andre ledd. Etter å ha drøfta korleis dette var regulert i jordskiftelova av 1979 viser Høgsterett til § 6-4 i jordskiftelova. Sjølv om denne bestemmesen nyttar uttrykket «retten», ser ikkje Høgsterett dette som eit signal om at lovgjevar har meint at jordskiftedommaren ikkje lenger skal kunne avvise saka åleine, dersom det før første rettsmøte kan konstaterast at formelle vilkår for jordskifte ikkje er til stades. I fylgje Høgsterett måtte dette også gjelde tilsvarande for fagdommaren – jordskiftelagdommaren – ved avgjerd etter § 8-8 første ledd ved anke over jordskifteavgjerd.

Som eit lite «orbiter dictum» nemner også Høgsterett i forbifarten at retten normalt ikkje vil ha grunnlag for å ta stilling til dei materielle vilkåra i jordskiftelova før lenger ut i saksgangen. Lova byggjer difor på ein føresetnad om at jordskiftemeddommarane skal delta i vurderinga av desse vilkåra, dersom retten skal setjast med jordskiftemeddommarar.

Oppsummert ser me ein viktig skilnad på vurderinga av dei materielle og dei formelle vilkåra i samband med sak for jordskifteretten og lagmannsretten. I høve til dei formelle vilkåra er jordskiftedommaren og jordskiftelagdommaren tiltrudd mynde på eiga hand, medan i høve til dei materielle vilkåra så må retten styrkjast med jordskiftemeddommarar. Lova er likevel ikkje heilt konsekvent i dette høvet i og med jordskiftelagdommaren også har fått mynde til å avgjere om ein anke klart ikkje vil føre fram, jf. jordskiftelova § 8-8 tredje ledd. I slike tilfelle kan det også materielle vurderingar vere tema utan at ein treng setja retten med jord-

skiftemeddommarar, jf. jordskiftelova § 8-8 fjerde ledd.

HR-2016-2448-U: Lagmannsretten hadde i denne saka forkasta ein anke over jordskifteavgjerd ved orskurd. Høgsterett drøfta først om orskurd var rett avgjerdsform i lagmannsretten. Dei synte til at jordskiftelova § 8-10 tredje ledd føreset at dersom lagmannsretten gjer endringar i det resultat som jordskifteretten har kome til, skal avgjerdsforma vera jordskifteavgjerd. Vidare synte dei til kommentarutgåva til jordskiftelova som legg til grunn at lagmannsretten skal nytta orskurd når den forkastar anke over jordskifteavgjerd. Etter dette uttalar Høgsterett (i avsnitt 15):

«Etter ankeutvalgets syn taler sammenhengen med ankereglene med tyngde for at lagmannsretten skal bruke jordskifteavgjørelse som avgjørelsesform også når den forkaster en anke over jordskifteavgjørelse. Utvalget kan ikke se noen grunn til at ankeadgangen skulle være snevrere når lagmannsretten ikke gjør endringer i jordskifterettens resultat, enn når anken fører til endringer. Dette ville for øvrig ha vært en endring sammenlignet med rettstilstanden etter gammel lov, som ikke synes å ha vært tilsiktet av lovgiver. Etter dette kommer utvalget til at lagmannsretten skulle ha betegnet sin avgjørelse som en jordskifteavgjørelse.»

Høgsterett går vidare med å konstatere at ny jordskiftelov ikkje har klare reglar for korleis Høgsterett skal behandle anke over lagmannsretten sine jordskifteavgjerd. Det vart vidare uttala at det må vera klart at slike ankar skal behandlast etter reglane for anke over dom, og det må skuldast ei utegløyning at dette ikkje hadde kome til uttrykk i jordskiftelova § 8-13. Anken over lagmannsretten si avgjerd vart til slutt ikkje fremja, jf. tvistelova § 30-4.

Forbettringspotensiale i ny ankeordning

Når ei ny lov vert vedteken, reknar dei fleste med at lova skal bli ståande til den vert oppheva for godt eller avløyst av ei ny lov. Det er likevel slik at ei lov ofte vert endra undervegs for å retta opp utilsikta konsekvensar eller for å tilpassa lova endringar i samfun-

net eller i lovgjevar sine ynskjemål med lova. Jordskifterettane har brei erfaring med ei rekkje lovendringar i jordskiftelova av 1979. Det har også alt vore gjennomført ei mindre lovendring i den nye jordskiftelova, jf. LOV-2015-12-11-100 Lov om endringar i jordskiftelova (reglar om saksbehandling mv.). Denne endringa kom før lova vart sett i kraft og må sjåast på som ei oppretting av feil i § 3-18, § 3-37, § 6-1, § 7-7 og § 9-7 nr. 7, samt at ein gjorde saksbehandlingsreglane i § 6-21 første ledd og § 6-23 fjerde ledd meir tenlege og i samsvar med tidlegare praksis.

Vi vil i dette avsnittet avgrense framstillinga til å sjå på om det er eit forbettringspotensial i den nye jordskiftelova som omhandlar ankeprøvinga av avgjerdene tekne i jordskifterettane. Ein vil i denne samanhengen også vise til at sjølv om den nye jordskiftelova no har fått verke i halvtanna år, så har ankedomstolen enno forholdsvis kort erfaring med den nye lova.

Innleiingsvis vil ein berre konstatere at den nye jordskiftelova treff si målsetjing om å gjere ankeprøvinga enklare og meir oversiktleg for brukarane. Etter vårt syn var dette eit vellukka grep av lovgjevar som er til fordel både for brukarane og domstolen. Det er likevel slik at sjølv om noko er vellukka, så kan det meste gjerast enno betre. Ein må heile tida leite etter forbetringar, så får det bli opp til lovgjevar og avgjere om det er forbetringar som skal inn i lova eller om det berre skal bli gode ynskje.

Vårt første forslag til forbetring gjeld saker med skriftleg behandling av anke over jordskifteavgjerd. Ved anke over jordskifteavgjerd er hovudregelen at forhandlingane er munnlege og at retten er samansett av jordskiftelagdomaren og to jordskiftedommarar, jf. § 8-7 andre ledd.

I somme tilfelle kan det likevel både vere praktisk og forsvarleg å behandla anke over jordskifteavgjerd skriftleg. Eksempel på dette kan vere anke over fordeling av jordskiftekostnader eller anke over jordskifteavgjerd der temaet ber mest preg av rein lovtolking.

I både sak 16-001516AJA-GULA og sak 16-024357AJA-GULA var det anka over jordskifteretten si fordeling av jordskiftekostnadene. I begge saker hadde heller ingen av partane motsegner til at saka vart be-

handla skriftleg. I eit slikt tilfelle er det vårt syn at § 8-7 andre ledd kunne hatt eitt unntak for saker som vert behandla skriftleg, og at retten i slike saker kan setjast med ein jordskiftelagdommar og to lagdommarar. Vi er samde i at det er viktig å behalde lekmannsinnslaget når lagmannsretten skal behandla anke over jordskifteavgjerd, men vi kan ikkje sjå at dette vert skadelidande om ein avgrensar unntaket til berre å gjelda saker som vert behandla skriftleg.

I denne samanheng vil vi også syne til at ein i anke over jordskifteavgjerd som vert behandla skriftleg også kunne hatt ein heimel til å redusere ankegebyret. I slike saker vil arbeidsmengda til domstolen oftast tilsvare behandlinga av anke over orskurd og storleiken på gebyret burde kunna harmonerast med dette. I sak 17-075191AJA-GULA/AVD2 reduserte lagmannsretten gebyret i saka ut frå ei totalvurdering.

Som eit andre forslag til forbetring tykkjer vi at det burde vore ei opning for tilkalling av jordskiftedomar til lagmannsretten på same måte som tilkalling av tingrettsdommarar til lagmannsretten. Dette kunne enkelt vorte gjort med mindre endringar i domstollova:

Domstollova § 10 andre ledd første setn.:

«Førstelagmannen kan tilkalle dommere fra tingrettene og jordskifterettene i lagdommet til å ta sete i retten. ...»

Domstollova § 12 andre ledd første setn.:

«Førstelagmannen kan i sak som er anket fra jordskifterett, beslutte at en av de tre dommerne nevnt i første ledd, skal være jordskiftelagdommer eller tilkalt jordskiftedommer.»

Etter vårt syn er det ingen grunn til at det skal vera skilnad i tilkalling av dommarar frå tingrett og jordskifterett. I dei sakene der jordskiftedommarar kan delta, ville dette kunne føre til auka erfaringsutveksling og auka tingsrettsleg kompetanse i retten.

Litteratur

Prop. 101 L (2012–2013) Lov om fastsetjing og endring av eige- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)